

## Sakspapir

| Sakshandsamar      | Arkiv  | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Berit Karin Rystad | FE-153 | 23/246     |

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 038/23 | Formannskapet | PS   | 06.06.2023 |
| 029/23 | Kommunestyret | PS   | 15.06.2023 |

### Tertialrapport og budsjettregulering 1. tertial 2023

Vedlegg:

Tertial 1, 2023 Samledokument

Notat 1 tertialrapport

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Tertialrapporten vil gje både politikarar og administrasjon høve til å følgja med på korleis rekneskapen utviklar seg sett opp mot budsjettet gjennom året. Dei budsjettansvarlege får også høve til å forklara dei einskilde budsjettavvik.

#### Vurdering

Vedlagt følger rapport som syner den økonomiske situasjonen vist ned til tenestenivå. Fyrste tabellsyner økonomien på ansvarsnivå med løn trekt frå refusjonar som eige rad. I kolona for prognose er det set inn farge for korleis den budsjettansvarlege vurderer ansvaret vil ende opp ved årsslutt 2023.

| Forbruk                 | Prognose |
|-------------------------|----------|
| Innanfor budsjett       | God      |
| Noko over budsjett      | Usikkert |
| Vesentleg over budsjett | Fare     |

Det ligg an til overforbruk knytt til ansvar 1000, Rådmannen. Det ligg 106 000,- til IKT som er feilbudsjettert, og skal ligge på IKT, ansvar 1205. Det er brukt midlar til rekruttering av to kommunalsjefar (2 x 180 000,-) og til ein kampanje for å reklamere for Fedje kommune (120 000,-). Desse utgiftene ligg ikkje inne i budsjettet for 2023. Utgiftene vil bli dekkja av ubrukte lønsmidlar.

Førebygging - helsestasjon og skulehelseteneste er dekkja gjennom ein avtale om kjøp av tenester frå Austrheim kommune. Avtalen med Austrheim kommune vart underskrevet etter at budsjettet for 2023 var vedteke. Det ligg no eit meirforbruk på kjøp av tenesta på kr 250 000,-. Dette skuldast at avtalen har blitt dyrare. Avtalen legg til grunn 60% stilling, og frå 1.1.24 vil 20% falle bort (statlege prosjektmidlar). Barnevernsreforma krev styrking på området, og kommunen held på med ein plan for førebygging born/unge. I samband med det foreslår me å lyse ut ei fast stilling som helsesjukepleiar i 100% stilling. Me vi då kunne sei opp avtalen med Austrheim og følgje opp tiltak i førebyggingsplanen. Tiltak med kontor på skulen og «ope dør» for elevane har vært godt motteke og er mykje brukt av elevane. Staten har på generelt grunnlag oppfordra kommunane om å styrke arbeidet med born/unge si psykiske helse. Denne satsinga er i tråd med dette. Me legg til

grunn at finansiering av stillinga vil bli dekkja opp av kostnadane me har til avtalen med Austrheim kommune, effektivisering i tenesta og evt. bruk av fond.

Fedje kommune har hatt ei gledeleg utvikling knytt til tal born i barnehagen. Slik situasjonen er no så ser det ut til at denne utviklinga vil fortsette, og tal born vil auke i 2023 og 2024. For å stette lovfesta tal tilsette i barnehagen har vi tilsett ein fagarbeidar/assistent i 100% stilling frå 1.1.23. Dei 640 000,- i auka lønnskostnadar vil bli dekkja inn ved at tal born vil å noko ned i haust, og ein tilsett vil gå ut i ulønna permisjon. Stillinga vil stå vakant i eit år. Barnehagen vil slik det ser ut no, gå i balanse. For 2024 og utover vil auke i tal born gjere at me må auke budsjettet. Dette må arbeidast inn i økonomiplanen. Me må og etter kvart sjå på om vi kan utvide arealet i barnehagen for å kunne ta i mot auka behov for barnehageplass (lovfesta rett).

Fedje skule har måtte auke tal stillingar (fagarbeidarar) knytt til behov/lovkrav. Dette var ikkje teke høgde for i budsjett 2023 fordi tiltaka ikkje var varsla. Desse utgiftene vil være faste framover, og me tenkjer å dekkje dette ved bruk av fond og leggje inn auka budsjettet for 2024. Det er betalt ut ei sluttpakke i mars, med utgifter til juridisk bistand som det ikkje er teke høgde for. Det er og auka utgifter knytt til mottak av flyktningar i skulen (550 000,-). Skulen har og oppretta ekstra tiltak for å styrke undervisninga.

Vaksenopplæringa ligg under Fedje skule. Staten gir 45 000,- pr flyktning i tilskot til norskundervisning/språkopplæring. Dette er eit tilskot som blir gitt for eit år. Flyktningane som kom til Fedje i 2022 får ikkje støtte til norskopplæring i 2023/24. Stillinga i vaksenopplæringa er auka frå 50% til 60 % i 2023. Dette er ikkje teke høgde for i budsjettet. Desse utgiftene er tenkt dekkja av integreringstilskot frå staten. Det viser seg at eitt år med norskundervisning er for lite. KS jobbar opp mot staten, men vidare finansiering er uavklart.

Teknisk brukar meir pengar enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje har tilsette på teknisk for å sakshandsame byggesaker, delesaker og dispensasjonar osb. Vi har leigd inn bistand frå andre kommunar og frå private firma. Dette er tenester som kommunen er forplikta til å levere (lovkrav med tidsfristar). Kostnadane skal dekkjast frå sjølvkost. Gebyrregulativet for 2023 er for lågt til å dekkje dei reelle utgiftene. Desse utgiftene vil fortsette å auke til me får på plass ny kommunalsjef samfunnsutvikling (1. oktober).

Det er pleie og omsorg som står for dei største avvika i tertialrapporten. Det er to årsaker til dette. Pleie og omsorg har over lang tid slitt med rekrutteringsutfordringar. Det gjeld både sjukepleiarar og helsefagarbeidarar/assistentar. Det har vist seg svært vanskeleg å lukkast i rekruttering av nye tilsette. Dette er ein situasjon som heile landet står i. For å halde ei forsvarleg drift har vi ved intern stillingsauke fått lønnsutgifter som er høgare enn budsjettet for. Dette er gjennomført fordi sjukeheimen har lagt om turnusprogram til årsturnus. Til tross for dette er det i periodar svært vanskeleg å kunne stette grunnbemanninga, og difor er det høge vikar- og overtidskostnadar. Mesteparten av dei auka kostnadane kan førast til bruk av vikar frå firma (1 200 000,-) og auka løn til tilsette. Desse utgiftene vil auke i løpet av året, og me tenkjer å dekkje dette ved bruk av fond. Samtidig vil me prøve nye måtar å rekruttere på slik at me ikkje må bruke vikarbyrå. I tillegg vil me gjere ei omorganisering på sjukeheimen for å få drifta meir effektiv og på den måten få ned utgiftene.

Folkehelse - Ikkje relevant ut over det som er greidd ut i tertialrapporten

Miljø - Ikkje relevant ut over det som er greidd ut i tertialrapporten

Økonomi – Med dei budsjettendringane tertialrapporten legg opp til, styrer Fedje kommune mot eit meirforbruk i 2023 på ca. 2,9 millionar kroner.

### Konklusjon

I tabellen under vert det lagt opp til følgande endringar i budsjettet:

| DRIFT                               | Budsjett | Endring       | Nytt budsjett |
|-------------------------------------|----------|---------------|---------------|
| <b>2020 – GRUNNSKULE</b>            |          |               |               |
| - Konsulenttenester                 | 0        | 240'          | 240'          |
| - Skuleoppfølgingsordninga          | 0        | -1 050'       | -1 050'       |
| - Lønn og sos. omk. Fagarbeidarar   | 1 774'   | 1 001'        | 2 775'        |
| <b>2010 – BARNEHAGEN</b>            |          |               |               |
| - Lønn og sos. Omk.                 | 4 006'   | 641'          | 4 647'        |
| <b>2531 – PLOM-INSTITUSJON</b>      |          |               |               |
| - Lønn og sos. Omk.                 | 13 624'  | 1 840'        | 15 464'       |
| - Vikarbyrå                         | 0'       | 1 200'        | 1 200'        |
| <b>2341 – PSYKISK HELSE</b>         |          |               |               |
| - Lønn og sos. Omk.                 | 1 128'   | 577'          | 1 705'        |
| <b>8700 – RENTER/UTBYTTE OG LÅN</b> |          |               |               |
| - Utbytte BKK                       | -1 200'  | -1 000'       | -2 200'       |
| - Overføring til investeringar      | 806'     | -806'         | 0             |
| <b>2320 – HELSESJUKEPLEIAR</b>      |          |               |               |
| - Kjøp frå Austrheim                | 360'     | 250'          | 610'          |
| <b>SUM</b>                          |          | <b>2 893'</b> |               |

2,9 millionar i auke i revidert budsjett vil bli dekkja inn ved innsparingar i løpet av resten av året, bruk av fond, effektivisering av drifta og omorganisering. Me har høge utgifter til vikar og innleige av tenester frå private firma, og difor blir det viktig å få på plass eigne tilsette som gir lågare kostnader.

Den einaste nye satsinga vil være å tilsette helsesjukepleiar i 100% fast stilling. Dette er etter kommunedirektøren si vurdering ei viktig investering i born og unge si helse og gjere Fedje kommune til ei attraktiv stad å bu.

Til slutt vil kommunedirektøren vise til at utbyttet frå BKK er 1 million høgare enn budsjettert. Desse midlane vil komme godt med for å gi gode tenester til innbyggjarane i Fedje i 2023.

### Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek 1. tertialrapport 2023 til vitande
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar i saksutgreiinga med inndekning frå bruk av disposisjonsfond

**F - behandling:**

Nytt forslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Fedje formannskap vurderer den økonomiske situasjonen for Fedje kommune som særs urovekkjande.

Formannskapet ber kommunedirektøren snarast, og seinast innan førstkommande kommunestyremøte, leggje fram eit notat som gjer inngåande og konkret greie for meirutgiftene på dei ulike delane av stillingsbudsjettet, samt ei talfesta og konkret oppstilling og er den aktuelle inndekkinga, post for post, inkludert dei nyoppretta stillingane.

Formannskapet ber vidare om at kommunedirektøren gjer nærare greie for kva som ligg i merknadane til kommunedirektøren om innsparing, effektivisering og bruk av fondsmidlar i tertialrapporten. Kva slags tiltak gjeld det, og i kor stort omfang?

Formannskapet røysta ikkje over kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

**F - vedtak:**

Fedje formannskap vurderer den økonomiske situasjonen for Fedje kommune som særs urovekkjande.

Formannskapet ber kommunedirektøren snarast, og seinast innan førstkommande kommunestyremøte, leggje fram eit notat som gjer inngåande og konkret greie for meirutgiftene på dei ulike delane av stillingsbudsjettet, samt ei talfesta og konkret oppstilling og er den aktuelle inndekkinga, post for post, inkludert dei nyoppretta stillingane.

Formannskapet ber vidare om at kommunedirektøren gjer nærare greie for kva som ligg i merknadane til kommunedirektøren om innsparing, effektivisering og bruk av fondsmidlar i tertialrapporten. Kva slags tiltak gjeld det, og i kor stort omfang?

Samrøystes vedteke.

## Kommunestyret - 029/23

**K - behandling:**

Kommunestyret, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Kommunestyret ber om korrekt tertialrapport første tertial 2023 til møtet i september. Vidare ber kommunestyret om ei eiga sak der kommunedirektøren kjem med forslag til innsparingar og nye grep for å få ned meirforbruk i drifta. Tertialrapport for andre tertial skal inkludere tertialrapport for fyrste tertial.

Innstillinga frå formannskapet og forslag til vedtak fremsett av ordførar Stian Herøy (H) vart sett opp mot kvarande når kommunestyret voterte i saka.

**K - vedtak:**

Kommunestyret ber om korrekt tertialrapport første tertial 2023 til møtet i september. Vidare ber kommunestyret om ei eiga sak der kommunedirektøren kjem med forslag til innsparingar og nye grep for å få ned meirforbruk i drifta. Tertialrapport for andre tertial skal inkludere tertialrapport for fyrste tertial.

Samrøystes vedteke.